

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref.:

Vår ref.:

5205478/Oppstartsvarsle_brev_160920.docx

Dato:

2020-09-16


► Varsel om oppstart av detaljregulering for Volda vassverk


På vegne av Volda kommune, og i medhald av plan- og bygningslova §12-8, varslast med dette oppstart av detaljregulering av Volda vassverk.

Forslagsstiller er Volda kommune. Plankonsulent er Norconsult AS. Planen blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova kapittel 12. Med bakgrunn i Forskrift om konsekvensutgreiingar (sist endra 2018-12-20), er det av Volda kommune vurdert at tiltaket utløyser krav om konsekvensutgreiing.


Føremålet med reguleringa er utviding av eksisterande vassverk i høve utbetring av vassforsyninga til Ørsta og Volda. Parallelt med planarbeidet gjennomførast eit forprosjekt som skal syna kva som er dei beste løysingane for begge kommunane i høve utgifter til innbyggjarane, kostnadsfordeling og framtidige investeringar. Detaljreguleringa skal ta utgangspunkt i resultatet frå forprosjektet. Norconsult utfører også forprosjektdelen.

Området kring dagens vassverk ligg i ei sone med potensiell flomskredfare, Volda kommune har difor inkludert ei vurdering av denne faren i planarbeidet.





Figur 2: Utsnitt av gjeldande reguleringsplan for området.




Figur 3: Utsnitt av kommuneplanens arealdel.

Området kring dagens vassverk er i dag ikkje omfatta av noko detaljreguleringsplan. Ein ønskjer med dette arbeidet å regulere dagens vassverk og arealet rundt slik at ein er budd på ei potensiell utviding av anlegget.

I kommuneplanens arealdel vedteke i 2009 (plan-ID:2007010) ligg eksisterande vassverk i LNF-område, sjå figur 3, og ein framtidig tursti er skissert med raud stipla line.

Planarbeidet er i so måte ikkje i tråd med overordna planer, sidan føremålet ikkje stemmer med tiltaket.

Kommunen vurderer difor tiltaket til å felle inn under krav om konsekvensutgreiing jfr. «Forskrift om konsekvensutredninger», men ikkje til å kome inn under krav om planprogram.



I kommunedelplanen som er under utarbeiding er areal rundt dagens anlegg avsett til «annen bebyggelse og anlegg». I tillegg er det avsett areal til tursti og grøntområder like ved dagens vassverk. Ein vil i detaljreguleringa basere utforminga mest mogleg på løysingane foreslått i kommunedelplanen.

Figur 4: Utsnitt av kommunedelplan under utarbeiding.

Planprosess

Dette er i første omgang eit varsel om at planarbeidet for det nemnte prosjektet er starta opp. Har du lokale opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve det tidlege planarbeidet kan desse sendast skriftleg til Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda eller postmottak@volda.kommune.no innan 05.11.2020.

Når det er utarbeidd eit utkast til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette blir annonsert i avis Møre og på kommunen si nettside. Grunneigarar og aktuelle myndigheter vil bli varsle pr brev. I høve offentleg ettersyn ligg planen ute på kommunen si heimeside og det vil då vere moglegheiter for å sjå på detaljane i planen og kome med meir konkrete innspel. Kontaktperson i Volda kommune: Eline Alvestad.

Med helsing,

Stine Misund Fiksdal
Plankonsulent Norconsult AS, tlf: 95291992